

EIN DAG PÅ SJØEN

Når arkeologen arbeider seg sakte og systematisk gjennom eit utgravingsfelt og let spor etter forfedrene gli sakte gjennom hendene, er det lett å gje fantasien spelerom. Gradvis stig menneska bak gjenstandane fram og vert ein del av livet og kvardagen slik han kanskje var i vikingtida:

«En lang dag på sjøen er slutt, fisken er gjort opp, og båten trukket opp i stoa sammen med båtene til de tre andre fiskelagene som har buene like ved. Her må en dele på den lille plassen som er, både utomhus og innomhus. Selv om en er kommet på land, er gjøremålene likevel mange, før det er tid å krype opp på brisken og ta natt. Stormen tidligere i vinter før ille med taket på bua, og ny never og torv må legges på. Ikke noe trivelig arbeid etter timer bak årene i tung sjø, men en trøst er det å se at røyken stiger opp av ljøren og varsler om at matgryten er hengt over varmen.

Enda er det mye igjen av de speka sauebogene som var med hjemmefra som niste, men det går med mye mat til fire mann, så det er nødvendig å spe på med litt fisk eller en og annen sjøfugl som setter seg fast i garnia i løpet av natta. Aldri smaker maten bedre enn når en ligger på fiske, selv om det ikke er kvinner som har tilberedt måltidet. Etter at gryta er tømt, blir bein og matrester kastet på bålet, som gir arbeidslys til dagens siste gjøremål. En del fiskekroker og sløyekniven trenger en omgang med bryne før en ror ut i morggen. På andre siden av ildstedet sitter yngstemann i laget og smir til fiskesøkker av bitene fra den gamle klebersteinsgryta som nylig sprakk over varmen. Flammene dør sakte ut.»

På garden HJELMO, lengst nord i Øygarden, i botnen av ein lang våg, ligg eit fint naustmiljø ved kyrkja. Dette har truleg gjennom uminnelege tider vore naustplassen for desse gardbrukara, og her var landingsplassen for kyrkjefolket.



INDRE HJELMEVÅGEN har gjennom hundreåra vore hamn for gardane på Hjelmo. God hamn og djup jord var hovudgrunnane til at kyrkja vart bygd her. Etter at Herdla vart skilt ut som eige prestegjeld i 1868, vart Hjelmo framleis høyrande til Manger prestegjeld – tvers over Hjeltefjorden – under Bø sokn. Ytre Bø kapell, som Hjelme kyrkje opphavleg heitte, vart vigsla i 1875. I 1902 vart Hjelme eige kyrkjesokn, som i 1916 vart overført frå Manger til Herdla prestegjeld.

Alle gardane på Hjelmo gjekk saman

om å kosta kyrkja, og betalinga vart utrekna etter storleiken på gardane.

Ei tid var brukarane pålagde å koma med ei båtlast jord til gravplassen.

Presteskyssen gjekk på omgang. Dei fire rorskarane som trongst hadde ein lang og hard tur over Hjeltefjorden, til Manger, for å henta presten.

Den gode hamna har ikkje same funksjon i dag som for 100 år sidan, då sjøen var hovudvegen. I dag er dette fine sjøbrukmiljøet verna og sett i sin gamle stand som eit innhaldsrikt kulturlandskap langs Nordsjøløypa gjennom Øygarden. □

FRÅ JERNALDEREN

For 1 000 år sidan var det ikkje det svarte gull, men havets sølv som var rikdomskjelda vest av Hjartøy. Gjennom dei arkeologiske granskingane som Bergen Museum gjennomførte på Hjartøy, der røyrleidninga frå Oseberg skulle førest i land, kom det interessante funn for dagen.

Ved to små vågar vest på øya; nore og søre Hjartøyvågen ligg det 36 hus-tufter og 9 båtstøer. Tuftene er overgrodde og lite synlege. Låge rullesteinsvegger har vore fundament for små trebygningar med golvflater jamt over på 15-25 m²; lagde nær sjøen på stader det er mogeleg å dra opp båtar.

Langs veggene innvendes fanst låge steinpakningar; truleg restar etter jordfaste benker, både for sitjande og liggjande. Midt på golvet var åren – eldstaden. Her laga dei mat, her fekk dei seg varme, og her kunne dei tørka klede etter kalde og våte dagar på sjøen. For alle funn i desse tuftene peikar mot sjøbruk og fiske. I ei av tuftene er det avdekt ein stor eldstad med beinrestar frå dei siste måltida her for over 1000 år sidan.

På jordgolvet nedanfor brisken kom det for dagen eit skiferbryne saman med nokre fiskekroker. I kanten av eldstaden låg eit knust klebersteinskar med forkola matrester på innsida. Like ved låg ein liten bit av det same karet, laga om til eit fiskesøkke.

Liksom tuftene på Risøy i Sund (②275) tykkjest dette vera restar etter fjæremannsbuer – minne om eit eldgammalt sesongfiske som vart drive av folk inne frå fjordane. Bein frå avfallslaga er av storfe, sau, geit og hjort og syner at karane hadde med seg nistemat heimanfrå.

Dateringane vitnar om busetnad frå 300-talet og fram til kring 1050 e.Kr., men frå 700-talet og ut gjennom heile vikingtida har aktiviteten vore særleg stor. Då var så mange buer i bruk samstundes at ein verkeleg kan tala om fiskevær. Tenkjer vi oss at alle hus var i bruk, og med eit båtlag på 4 personar i kvart hus, kan så mange som 160 mann ha halde til her samstundes.